

# MASSEHÅNDTERINGSPLAN - UTTAK AV CA. 30 000 M3

## Bakgrunn:

Kvinnherad forvaltningsutval har i møte 9 mars 2022, med heimel i plan og bygningsloven § 20-1,3 gjeve løyve til tomteplanering fase 2 ( trinn 1 ) av inntil 30.817 m3 fjellmasse på 134/85 i samsvar med innsendte snitt og situasjonsplan i søknad datert 21.08.2021. Planeringa vil bli sett til kote +8 moh i samsvar med tidlegare søknad dagsett 17.11.2020.

Målet med uttak av fjellmasser er opparbeiding av sjønært næringsareal og tiltaket er i samsvar med gjeldande reguleringsplan og kommuneplan. Ny reguleringsplan er under arbeid og tiltaket samsvarar med planutkast for ny plan.

## MASSEHÅNDTERINGSPLAN

### Størrelse på uttaket ca. 30 000 m3

Lausmassar på mesteparten av området er reinska ned til fjell og køyrt til godkjent deponi på Døssland, eit stykke opp i Uskedalen. ( Avstand frå Børnes ca. 3,5 km - sjå vedlegg )  
Resterande del av lausmassar vil bli køyrt til samme deponi.

Mengde som skal knusast og nyttast på opparbeiding av omsøkt areal ca. 7.500 m3  
Andre tomteigarar på Børnes har etterspurt knuste massar for avretting av næringstomtene, slik at det kan bli eit større volum som må knusast.

Kvinnherad kommune skal opparbeida «Ringvegen « SKV 2 på Børnes, så det er mulig det vert behov for massar i ulike størrelsar i dette prosjektet. ( Vedlegg Plankart )

Ovannemde bruk av massar vil vera i henhold til «Bærekraftig» utnyttelse av deler av uttaket på vår tomt, som også vil gje ein miljøgevinst.

Deler av massane som tas ut vil bli brukt til støyvoller og lagra på eige areal.

### Resterande ca- 15-20 000 m3 er tenkt brukt som følger:

Lokale entreprenørar har behov for sprengt stein i ulike prosjekter

Gang og sykkelst i Herøysundet ( Avstand frå Børnes 2,5 km – Sjå vedlegg )

Stripo Eigedom har behov for stein for tilrettelegging av næringsareal ihht godkjent reguleringsplan. (Avstand 8 km frå Børnes - Sjå vedlegg )

Kvinnherad kommune jobbar med «Grønn næringspark» på Husnes og aktører som skal etablere seg der har etterspurt stein. (Avstand 8 km frå Børnes - sjå vedlegg )

Hardanger Rock har etterspurt skotstein for knusing på eige anlegg. ( Avstand 8 km frå Børnes – sjå vedlegg )

Tidsplan for uttaket vil vera inntil 2 år fra oppstart, men det kan bli gjennomført på kortare tid ut fra ovannemde forhold.

Uskedalen 30.03.2022.  
Eidsvik & Selstad Eigedom AS

Svein Arne Eidsvik